



KSK-notat nr.: 33/2012 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Storelvi kraftverk AS/Storelvi kraftverk			Middelthuns gate 29
Fylke/kommune:	Hordaland/Ullensvang			Postboks 5091 Majorstua 0301 OSLO
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:		Telefon: 22 95 95 95
Saksbehandler:	Auen Korbøl	Sign.:		Telefaks: 22 95 90 00
Dato:	26 JUN 2012			E-post: nve@nve.no
Vår ref.:	NVE 200802066-50 ksk/auko			Internett: www.nve.no
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken			Org. nr.: NO 970 205 039 MVA
				Bankkonto: 0827 10 14156

Søknad om tillatelse til bygging av Storelvi kraftverk i Ullensvang herad, Hordaland fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	2
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	4
Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse	11
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	16
NVEs vurdering – oppsummering for Storelvi kraftverk	20
NVEs konklusjon	21

Sammendrag

Søknaden gjelder tillatelse etter § 8 i vannressursloven til bygging av Storelvi kraftverk og behandles i henhold til reglene i kap. 3 i samme lov.

Det omsøkte kraftverket ligger i Ullensvang herad. Nedbørfeltet er beregnet til 5,3 km². Alminnelig lavvannføring er beregnet til 22 l/s og middelvannføring 437 l/s. Kraftverket vil utnytte en fallhøyde på ca. 645 m.

En utbygging etter omsøkt plan vil gi om lag 14,1 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er en produksjon som er vanlig for småkraftverk. Selv om dette isolert sett ikke er et vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjør småkraftverk samlet sett en stor andel av ny tilgang de senere år. De to siste årene har NVE klarert om lag 1,3 TWh ny energi fra småkraftverk. De aller fleste prosjektene vil ha enkelte negative konsekvenser for en eller flere allmenne interesser. NVE mener at så lenge disse interessene ikke er av svært stor verdi eller dersom de kan avbøtes i tilstrekkelig grad gjennom vilkår, så kan det gis konsesjon til tiltaket. De konsesjonsgitte tiltakene vil være et bidrag i den politiske satsingen på småkraftverk, og satsingen på fornybar energi.

Ullensvang herad og Hordaland fylkeskommune er positive til tiltaket. Heradet påpeker at det må stilles krav til bl.a. størrelsen på minstevannføringen dersom det gis konsesjon. Fylkesmannen i Hordaland fraråder ikke konsesjon til Storelvi, men mener NVE må vurdere nivået på minstevannføringen og en utbygging uten overføring av Matbekken dersom det gis konsesjon. Fylkesmannen har også ønsket en vurdering av et tunnelalternativ for utbygging av Storelvi og en vurdering av forholdet til Hardanger villreinområde. Naturvernforbundet er positiv til en utbygging av Storelvi. Resten av høringspartene er enten positive eller velger ikke å ta stilling til konsesjonsspørsmålet.

NVE mener at en ev. utbygging av Storelvi kraftverk som omsøkt vil kunne få negative konsekvenser for biologisk mangfold. Konsekvensene kan imidlertid minimeres dersom det gis konsesjon uten overføring av Matbekken og det settes krav om tilstrekkelig slipp av minstevannføring i Storelvi. NVE er av den oppfatning at terskelen for overføring av Vetleelvi kan etableres uten større konsekvenser for villrein, så lenge anleggsperioden tilpasses slik at reinen ikke blir forstyrret.

NVE er av den oppfatningen at deler av Storelvi er godt synlig i et større landskapsrom. Dette gjelder spesielt den øvre delen med strykpartier og fosser. Inntaket i Storelvi er plassert nedenfor flere av disse slik at den øvre delen av elva fortsatt vil fremstå med stor inntryksstyrke i landskapet etter en ev. utbygging.

Storelvi kraftverk er planlagt i et krevende terreng. Dette gjelder både overføringen fra Matbekken og rørgaten fra hovedinntaket og ned til kraftstasjonen. NVE mener at traseen for overføringen vil kunne bli et stort landskapsinngrep, og vi mener at inngrepene ikke står i forhold til økningen i kraftproduksjon på ca. 3 GWh. Selve hovedløsningen fra inntaket i Storelvi og ned til kraftstasjonen vil medføre store og godt synlige inngrep i landskapet langs fjorden og NVE er av den oppfatning at vannveien bør legges i fjell dersom det skal gis konsesjon.

NVEs konklusjon

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at fordelene av det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir Storelvi Kraftverk AS tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging av Storelvi kraftverk etter alternativ 2 med overføring av Vetleelvi, iht. notat fra SKL datert 31.01.2012. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår. Det gis ikke tillatelse til overføring av Matbekken.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Storelvi Kraftverk AS, datert 23.2.2011:

"... Storelvi kraftverk AS ynskjer å utnytte vassfallet i Storelvi i Ullensvang kommune i Hordaland fylke, og søker hermed om følgjande løyve:

1. Etter vassressursloven, jf. § 8, om løyve til:

- å bygge Storelvi kraftverk*
- å overføre vatn frå Vetleelvi og Matbekken til Storelvi*

2. Etter energiloven om løyve til:

- Bygging og drift av Storelvi kraftverk, med tilhørande koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrive i søknaden.*

Naudsynte opplysningar om tiltaket framkjem av vedlagte utredning. Me ber om ei snarleg handsaming av søknaden....”

Storelvi kraftverk, hoveddata			
TILSIG		Hovedalternativ	Ev. alternativ 2
Nedbørfelt	km ²	5,3	4,4
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	12,9	11,1
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	77	77
Middelvannføring	l/s	424	352
Alminnelig lavvannføring	l/s	22	17
5-persentil sommer (1/5-30/9)	l/s	154	127
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	18	15
KRAFTVERK			
Inntak	moh.	650	650
Avløp	moh.	5	5
Inntak Matbekken	moh.	840	-
Overføringsrør, lengde	m	700	-
Overføringsrør, diameter	mm	300	-
Lengde på berørt elvestrekning	m	4700	3200
Brutto fallhøyde	m	645	645
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	1,33	1,36
Slukeevne, maks	m ³ /s	0,82	0,68
Slukeevne, min	m ³ /s	0,04	0,03
Tilløpsrør, diameter	mm	500	500
Tilløpsrør, lengde	m	1400	1400
Installert effekt	kW	3900	3400
Brukstid	timer	1430	1430
PRODUKSJON			
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	5,6	4,8
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	8,3	7,1
Produksjon, årlig middel	GWh	13,9	11,9
ØKONOMI			
Utbyggingskostnad	mill.kr	26,9	25,9
Utbyggingspris	kr/kWh	1,94	2,18

Storelvi kraftverk, elektrisk anlegg			
GENERATOR			
Ytelse	MVA	3,9	
Spennning	kV	6,6	
TRANSFORMATOR			
Ytelse	MVA	3,9	
Omsetning	kV/kV	22	
NETTILKNYTNING			
Lengde	m	170	
Nominell spenning	kV	22	
Luftlinje el. jordkabel			Jordkabel

Høring og distriktsbehandling

Søknaden er behandlet etter reglene i kapittel 3 i vannressursloven. Søknaden ble kunngjort, lagt ut til offentlig ettersyn og sendt lokale myndigheter og interesseorganisasjoner, samt berørte parter for uttalelse sammen med 9 andre søknader om bygging av småkraftverk i Sørfjorden. NVE avholdt et folkemøte i Kinsarvik den 31.3.2011. NVE var på befaring i Sørfjorden den 15. og 16. august og 13., 14. og 15. september 2011. Storelvi ble befart den 16.8.2011. Med på befaringen var representanter for søker, kommunen, Fylkesmannen og grunneiere. Høringsuttalelsene har vært forelagt søkeren for kommentar.

Høringsuttalelsene er sitert i KSK-notat nr. 42/2012.

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

Søker har i brev av 31.1.2012 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

” ...

BKK Nett AS

BKK Nett AS har på eit overordna nivå kommentert den planlagde kraftutbygginga i Sørfjorden gjennom dei ti omsøkte prosjekta, og peikar på at det ikkje er kapasitet på transformeringa opp til 66/300kV nivå i Åsen transformator, og at denne såleis ikkje har muligheit til å ta imot meir kraftproduksjon.

Dei peikar og på at det burde vore laga ein samla plan for korleis 22 kV og 66 kV nettet i området må forsterkast for å få overført den planlagde kraftproduksjonen i området.

Storelvi kraftverk AS sin kommentar:

Me er klar over utfordringane og situasjonen som er på overordna nettnivå, og er positive til at det vert utarbeidd planar om forsterking av transformorkapasitet og forsterking av linjer. Utover dette er det lite me som utbyggjar kan bidra med, men me vonar at planane vert realisert raskt, og at arbeidet tar til snarast mogleg slik at dette er klart til å overføra kraft frå nyutbyggjingane i Sørfjorden.

Statens Vegvesen Region vest

Statens Vegvesen peikar på to punkt:

- *Plassering av kraftstasjonen på oppsida av rv. 13 er det beste alternativet.*
- *Det må søkjast om dispensasjon og løyve til utvida bruk av avkøyrsløp frå rv.13.*

Storelvi kraftverk AS sin kommentar:

Det omsøkte hovualternativet har ei stasjonsplassering på oppsida av rv. 13. Når det gjeld søknad til dispensasjon og løyve til utvida bruk av avkøyrsløp er dette noko som vil verta gjort, men som er ein naturleg del av detaljplanlegginga av anlegget.

Direktoratet for Mineralforvaltning

Direktoratet hadde ingen merknader til prosjektet.

Ullensvang herad

Ullensvang heradsstyre rår til at utbygginga i Storelvi får konsesjon i samsvar med omsøkt hovudalternativ, men med følgjande vilkår:

- *Revegetasjon av røytrasear bør skje med stadeigne massar og vegetasjon.*

- *Dersom røyrkata går over dyrka/dyrkbar mark, bør djupna vera slik at tradisjonell landbruksdrift ikkje vert hindra.*
- *Vurdering av minstevassføring for å ta vare på biologisk mangfald.*
- *Plassering av kraftstasjon vert vurdert trekt lengre vekk frå riksvegen og utanfor dyrka mark.*
- *Det bør vurderast om mellombels anleggsveg kan erstattast med ei anna transportløyising.*

Storelvi kraftverk AS sin kommentar:

Storelvi kraftverk er positiv til at heradet er for ei utbygging av Storelvi kraftverk. Heradet peikar vidre på nokre vilkår som bør stillast til Storelvi kraftverk som utbyggjar:

- *Til revegetasjon av røyrtrasear vil det sjølvstøtt verta nytta stadeigne massar så langt dette er mogleg. Meir detaljbeskriving av dette vil òg koma inn under detaljplanar for miljø- og landskap som skal godkjennast av NVE på eit seinare tidspunkt.*
- *Me ser ingen problem med å kunna kombinera røyrtrasear og tradisjonelt landbruk.*
- *Me har føreslege minstevassføring i Storelvi, og meiner det er tilstrekkelig for å iverata det biologiske mangfaldet i dei berørte elvane/bekkane. Alle tre elvane/bekkane har eit stort restfelt nedanfor inntaksområdet, noko som vil bidra til auka vassføring nedover vassstrengen. Alle tre elvane/bekkane får og mindre bekkar inn på elvestrengen nedanfor inntaksplassering. Matbekken er ein typisk flaumbekk, og er «tørr» på inntaksplassering i periodar utan regn. På synfaringa med NVE var bekken tørr, men det var framleis litt vassføring nede ved riksvegen.*
- *Plasseringa av kraftstasjonen er etter vår meining plassert på den best eigna plassen. Dersom me, som heradet foreslår, må flytte stasjonsplassering lengre vekk frå vegen vil dette få store konsekvensar for oss som utbyggjar. På grunn av hus og anna i området er den neste eigna plasseringa om lag 200 meter oppover i terrenget. Då vil me i tilfellet miste rundt 45 fallmeter, som igjen vil gje ein monaleg minke i produksjonen. I samband med at me treng ein veg av god standard fram til kraftstasjonen, vil ein med ei flytting av kraftstasjonen oppover måtte røre ved meir dyrka mark enn det som er tilfellet ved den omsøkte plasseringa. Storelvi kraftverk vil difor på sterkaste halde fast på plasseringa som er foreslegen i konsesjonen. Vi meiner elles at desse tilhøva kom godt fram under synfaringa.*
- *Vedrørande mellombels anleggsveg er det råd å løyse dette på andre måtar, men me vil peika på at det framleis er behov for maskinar til å grave grøft og transportere røyr og omfyllingsmassar langs grøftetraseen. Noko inngrep på tvers av traseen må derfor påreknast.*

Norsk Ornitologisk Foreining avd. Hordaland

Foreiningen har ikkje registrert spesielle forekomstar av fugl i det omsøkte området, og hadde såleis ingen konkrete kommentarar til dei enkelte utbyggingane.

Storelvi kraftverk AS sin kommentar:

Storelvi kraftverk har registrert uttalen frå Norsk Ornitologisk Foreining, men har ingen kommentarar.

Statens Vegvesen – Nasjonale turistvegar

Statens Vegvesen – Nasjonale turistvegar sluttar seg til dei miljøfaglege vurderingane som er gjort som grunnlag for søknaden, og hadde ingen kommentarar til utbygging av Storelvi Kraftverk.

Storelvi kraftverk AS sin kommentar:

Storelvi kraftverk har registrert uttalen, men har ingen kommentarar.

Pål Tømmernes

Pål Tømmernes har i utgangspunktet kommentarar til utbyggingar i Odda kommune, og ingen som går direkte på Storelvi kraftverk.

Storelvi kraftverk AS sin kommentar:

Storelvi kraftverk har registrert uttalen, men har ingen kommentarar.

Hardanger Energi AS

Hardanger Energi er inne på at "fyrst til mølla"-prinsippet kan medføra at elles gode småkraftprosjekt ikkje vert realisert, men at det at 10 prosjekt vert handsama parallelt kan gje betre vilkår for alle – både nettutbyggjar og kraftutbyggjar. Dette ser ein som svært positivt.

Vidare peikar ein på at det er avgrensa med ledig kapasitet i det eksisterande distribusjonsnettet, utan at ein konkretiserer kva kraftverk det er plass til eller ikkje. Dette vil ein fyrst kunna gje eit endeleg svar på når ein veit kven som får utbyggingsløyve.

Til slutt nemner ein at det òg er kapasitetsmangel i overliggjande nett (regionalnettet). Utvekslingspunktet ligg i nettet til Odda Energi. Hardanger Energi og Odda Energi samarbeider om ei totalløysing.

Storelvi kraftverk AS sin kommentar:

Storelvi kraftverk er i prinsipp samd med dei synspunkta og den røyndomsbeskrivinga som Hardanger Energi gjev uttrykk for. Nettspørsmålet må utgreiast vidare, og utbygginga skje i samarbeid mellom dei aktuelle nettselskapa og alle dei kraftverka som kjem til utbygging. Endeleg fordeling av utbyggingskostnad og evt. anleggsbidrag må skje på grunnlag av dei faktiske tilhøva.

Sjå elles kommentar til fråsegna frå Odda Energi.

Odda Energi AS

Odda Energi og Hardanger Energi har i fellesskap vurdert Stanavegen trafo- og koplingsstasjon som aktuelt utvekslingspunkt for småkraftproduksjonen i Sørkjorden-området. Herfrå er det òg samband til sentralnettpunktet Åsen.

Odda Energi melder at det korkje i distribusjons- eller regionalnettet er kapasitet til heile den omsøkte småkraftmengda. Dei har difor engasjert Jøsok Prosjekt til å greia ut aktuelle nettforsterkingsspørsmål. Denne utgreiinga omfattar nett både hos Odda Energi og Hardanger Energi, inkl. auka trafokapasitet i regionalnettet. Tiltaka i desse netta kan koma til å kosta over 20 mill. kroner.

Men det kan òg bli for liten trafokapasitet mot Sentralnettet. Kostnadene ved ei utviding kan koma til å kosta 30 mill. kroner. Denne forsterkinga vil likevel i stor grad kunna dekkast av sentralnettstariffen, og ikkje av småkrafta åleine.

Storelvi kraftverk AS sin kommentar:

Storelvi kraftverk er innforstått med at naudsynt utviding av nettkapasiteten på distribusjons- og regionalnettetsnivå må skje gjennom eit "spleiselag", og er sjølv sagt budd på å betala det som det kostar, i eit forpliktande fellesskap. Storleik og fordeling av kostnadene vil fyrst verta klårt når ein ser det totale utbyggingsbehovet.

Naturvernforbundet i Hordaland

Naturvernforbundet har ingen kommentarar som går direkte på Storelvi. Men gjennom sine kommentarar peikar dei på at attverande urørte elve- og fosselandskap er av uoverderleg betydning for nasjonal landskapskvelitet. Som fylgje av dette held dei fram som eit minimumskrav at dei elvane som synest mest frå fjordlandskapet bør bli sparde. Dei nemner i den samanhengen desse elvane; Slevåni, Øvre Digraneselvi, Nedre Digraneselvi, Skjeldvikelva, Skiparvikelva, Børve/Deildo og Espeelva.

Storelvi kraftverk AS sin kommentar:

Storelvi kraftverk har registrert uttalen, og meiner at det er viktig at landskapsbiletet vert teke hand om. Likevel meiner SK at det i stor grad vil vera råd å bygge ut på ein skånsam måte, som gjer at det på sikt ikkje vil vera mykje av inngrepet som vil verta synleg. SK registrerer òg at Storelvi ikkje er blant dei elvane som etter NH si meining synest frå fjordlandskapet.

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen (FM) er nøgd med at NVE vurderer utbyggingane i Sør fjorden samla. Innleiingsvis frårår FM omsøkt konsesjon til følgjande kraftverk: Børve-Deildo, Skjeldvikelva, Slevåni, Øvre og Nedre Digraneselv.

FM ber òg NVE vurdere naturfaglege vilkår ved eventuell konsesjon til følgjande kraftverk: Storelvi, Espeelvi, Byro, Skiparvik og Bråberg.

For Storelvi Kraftverk (SK) har FM følgjande kommentar:

Nedre del av Matbekken er etter FM oppfatning viktig i landskapsbiletet. I tillegg meiner FM at det vil bli ein del synleg vegbygging i området, og at det ikkje kjem klårt fram om vegen skal nyttast til skogsveg etter landbruksvegforskrifta etter at anlegget er ferdig. FM meiner òg at Ullensvang herad bør sjå på all vegbygging samla for området.

Vidare peikar FM på at utbygginga har liten til middels negativ verdi for biologisk mangfald og verneinteresser, og middels negative konsekvens for naturtypar og flora langs Storelvi. FM tilrår høgare minstevassføring om sommaren for å sikre naturverdiane knytt til bekkeløftevegetasjon i Storelvi.

Dersom NVE opnar for konsesjon, ber FM NVE vurdere avbøtande tiltak, spesielt knytt til minstevassføring. I tillegg tilrår FM at utbygging skjer etter alternativ 2, for å sikre vassføring i Matbekken.

Storelvi kraftverk AS sin kommentar:

Storelvi Kraftverk er òg positive til NVE si handsaming av fleire prosjekt innanfor dette området samstundes. Ein vil på dette viset kunne vurdere dei ulike prosjekta opp mot kvarandre, og i eit totalt landskapsbilette.

Fylkesmannen peikar på fleire punkt som blant anna;

- *Veg – Det er i konsesjonssøknaden vår teikna inn behov for vegutløysing i området for å kunna få til ei rasjonell utbygging. Det som er tenkt nytta til skogsveg i ettertid er vegen opp til om lag kote 400 moh. (inntaket ligg på kote 650 moh.).*

Dette er foreslege i konsesjonssøknaden etter samtalar med aktuelle grunneigarar i området for å kunne løysa ut hogstmogen skog i området.

Det har i den seinare tida vore diskutert ei felles vegutløysing med fleire grunneigarar i området, også mellom dei som ikkje er ein del av dette prosjektet. Dette arbeidet har Ullensvang herad òg vore involvert i. Storelvi kraftverk stiller seg positivt til eit slikt samarbeid og ei slik vegutløysing, men det vil vera avhengig av konsesjonsvilkåra om ein kan gå inn på ei slik løysing.

- *Minstevassføring – Det er i konsesjonssøknaden lagt til grunn slepp av minstevassføring lik alminneleg lågvassføring i Storelvi. På grunn av det hydrologiske regimet er det sterkt varierende vassføring i elvane i dag, dei framstår i stor grad som flaumbekkjer. I turre periodar vil det vera lite eller inkje vatn som renn ned i inntaket, medan det i periodar med mykje nedbør vil vera stor vassføringa til inntaket, og ein vil ofte få overløp. I tillegg er det fleire mindre bekkjer som kjem inn i "elvetraseen" nedstraums inntaksplasseringa i Storelvi før ein kjem til bekkeløfta ved kote 300-400 moh.*

Dette, i tillegg til at avrenninga aukar di lengre ned ein kjem i elvestrengen, bidrar til at me meiner at den foreslegne minstevassføringa er tilstrekkeleg for å ta vare på viktige naturverdiar.

- *Matbekken – Det er i konsesjonssøknaden foreslege utbygging etter to alternativ, med og utan overføring av Matbekken. FM tilrår utbygging etter alternativ 2, dvs. utan Matbekken, for å sikre vassføring her.*

Slik situasjonen var på synfaringsdagen med NVE var det ikkje vassføring i Matbekken ved inntaket, medan det likevel var vassføring nede ved riksvegen. Overføringa frå Matbekken vil fyrst og fremst først og fremst bidra med vatn i flaumperiodar, og i innleiinga og avslutninga av flaumane. I desse situasjonane vil det i stor grad òg vera overløp i inntaket i Matbekken slik at ein likevel vil få auke i vassføring nedstraums inntaket. Dersom dette ikkje er tilstrekkelig, er det òg råd å setje ei kapasitetsgrense på inntaket, slik at ein berre får overført ei gjeven mengd med vatn.

I konsesjonssøknaden er det oppgjeve at Matbekken bidreg med om lag 2,1 GWh i kraftproduksjon. Dette tilsvarar forbruket til om lag 105 husstandar (snitt på 20000 kWh) og vil bidra med om lag 735 000,- i årlege inntekter (35 øre pr. kWh) til kraftverket.

Etter ei samla vurdering kring dette, meiner SK at det vil vera økonomisk og samfunnsmessig rett å overføre vatn frå Matbekken. Det kan godt setjast ei øvre grense på overført vatn.

Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune (FK) har gjort vedtak i fylkesutvalet den 23.06.2011. I vedtaket vert det blant anna peika på konklusjonane i sumverknadrapporten. Det vert òg understreka at småkraft kan vera med på å sikra busetnad og vedlikehald av kulturlandskap, og såleis vera med på å oppretthalda grunnlaget for ei livskraftig reiselivsnæring i dei involverte kommunane. Fylkesutvalet føreset at undersøkingar etter §9 i kulturminnelova vert gjennomførde i samband med detaljplanlegginga.

Meir konkret på Storelvi kommenterer dei (deira vurdering) at området har middels verdi som kulturmiljø, og at fleire freda bergkunstlokalitetar ligg i øvre del av vassdraget mellom Storelvi og Matbekken, men at desse treng betre kartfesting.

Det vert peika på at konsesjonssøknaden ikkje har vurderingar av kulturminneverdi eller konsekvens av tiltak i høve til kulturminne og kulturmiljø, og stiller krav om slike i samband med detaljplanlegginga.

Det vert òg nemmt at vassvegen for overføringa mellom Matbekken og Storelvi er nær kjende automatisk freda bergkunstlokalitetar. Alternativ som ligg lengre vekk frå dei freda kulturminna bør vurderast.

FK peikar òg på at det er stort potensiale for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet.

Storelvi kraftverk AS sin kommentar:

På generelt grunnlag kan me seia oss samde med vurderingane fylkeskommunen har gjort seg omkring småkraft og sikring av busetnad og vedlikehald av kulturlandskapet.

Ut over dette kommenterer fylkeskommunen stort sett tiltak som går på kulturminne og registrering av desse.

- *Kulturminne – Det er observert fleire bergkunstlokalitetar i området mellom Matbekken og Storelvi. Dei som me har registrert her er henta frå ASKELADD-databasen, og er såleis kartfesta med koordinatar her.*
- *Vurderingar av kulturminneverdi/kulturmiljø – Det er ikkje gjort undersøkingar eller vurderingar kring dette temaet i konsesjonssøknaden. Dette er noko som me ser vil vera naturleg å utføre i samband med detaljplanar for prosjektet, dersom me får konsesjon. Dette synet vert støtta av vedtaket frå fylkeskommunen.*
- *I utgreiinga frå fylkeskommunen vert det òg peika på at overføringa mellom Matbekken og Storelvi ligg for nær kjende bergkunstlokalitetar og må flyttast. I forhold til dei kjende lokalitetane som er kartfesta med koordinatar ligg overføringa på det næraste 26 meter frå desse. Det er sjølvsagt mogleg for oss å flytta traséen, og justere denne i høve til kjende og evt. nye lokalitetar. Dette ser me då på som ein naturleg del av detaljplanlegginga, og ser for oss at dette kan løysast gjennom dialog med fylkeskommunen.*
- *Fylkeskommunen skriv at det er eit stort potensial for nye funn av kulturminne i området. Det kan godt vera at den beste løysinga vil vera at det vert gjennomført ei arkeologisk registrering av fylkeskommunen, men i så fall bør NVE stille krav om at dette vert utført i vilkåra i konsesjonen. Dersom det skulle dukka opp slike kulturminne under ei evt. utbygging av Storelvi kraftverk, vil me sjølvsagt gjere utførande entreprenør klar over dette, og me vil sjølvsagt varsle fylkeskommunen på vanleg vis ved slike høve.”*

Søker har i brev av 15.3.2012 kommentert innkomne høringsuttalelser etter befaringslik:

”...

Naturvernforbundet i Hordaland

Naturvernforbundet sin kommentar omhandlar denne gongen særskilt Bråberg og Skipavikelva. Avslutningsvis skriv dei: ”Når det gjeld dei andre 8 småkraftverka, held vi oppe vår tidlegare innstilling, og viser til det som står der om det sårbare fjordlandskapet i Sørffjorden. Vi går

altså mot utbygginga av Slevåni, Øvre og Nedre Digraneselvi, Skjeldvikelva, Børve/Deildo og Espeelva, men godtek utbygging av Byro og Storelvi."

Storelvi kraftverk AS har ingen merknader til denne uttalen.

Fylkesmannen i Hordaland skriv om Storelvi:

"Inntaksområdet ligg heilt i kanten av Hardangervidda villreinområde, sjå omtale av Børve-Deildo kraftverk. Omsøkte utbygging er omfattande, med veg og røyrgate som vil bli godt synleg i fjellsida. NVE bør krevje utgreiing av eit utbyggingsalternativ med tunnel i stedet for røyrgate før ein gjer vedtak i saka. Fylkesmannen held fast på si tilråding om å ikkje opne for utbygging av Matbekken. Tilhøvet til Hardangervidda villreinområde må dokumenterast. Dersom det vert opna for konsesjon må NVE setje strenge krav til utforming av detaljplanar, minstevassføring og aktuelle avbøtande tiltak gjennom konsesjonsvilkåra."

Storelvi kraftverk AS sin kommentar:

Etter oppmoding frå NVE har SKL utarbeidd fire nye alternativ, tre med tunnell eller langholsboring og eitt med transport av røyr, betong og andre materialar med taubane. Alle desse nye alternativa har såleis det til felles at ein unngår vegbygging i store deler av røyrtraséen. Taubanealternativet og eitt av boreholsalternativa er dei mest sannsynlege. Dermed imøtekjem vi fylkesmannen sitt ynskje om mindre eksponering av landskapet ved vegbygging. Desse alternativa er skildra i notat sendt NVE den 31.1.2012.

Når det gjeld tilhøvet til Hardangervidda villreinområde syner vi til vedlagde kartutsnitt som viser inntaket i høve til reinbeiteområde. Avstanden frå inntaket til næraste registrerte beitestad er om lag 600 meter. Det er dessutan bratt, kupert og skogvakse terreng mellom inntak og beitestad, og såleis ikkje fri sikt mellom desse.

Så kan ein kanskje tenkja seg at reinen kan bli uroa i anleggsfasen. Av den grunn vil vi unngå anleggsarbeid i dette området i tida rundt kalvinga.

Når det gjeld Matbekken, vil vi her berre ta opp att kommentaren vår frå tidlegare:

Det er i konsesjonssøknaden foreslege utbygging etter to alternativ, med og utan overføring av Matbekken. FM tilrår utbygging etter alternativ 2, dvs. utan Matbekken, for å sikra vassføring her.

Slik situasjonen var på synfaringsdagen med NVE, var det ikkje vassføring i Matbekken ved inntaket, medan det likevel var vassføring nede ved riksvegen. Overføringa frå Matbekken vil fyrst og fremst bidra med vatn i flaumperiodar, og i innleiinga og avslutninga av flaumane. I desse situasjonane vil det i stor grad òg vera overløp i inntaket i Matbekken slik at ein likevel vil få auke i vassføring nedstraums inntaket. Dersom dette ikkje er tilstrekkelig, er det òg råd å setja ei kapasitetsgrense på inntaket, slik at ein berre får overført ei gjeven mengd med vatn.

I konsesjonssøknaden er det oppgjeve at Matbekken bidreg med om lag 2,1 GWh i kraftproduksjon. Vi har seinare rekna denne til om lag 2,9 GWh, jfr. brev og notat sendt til NVE 31.1.2012. Dette tilsvarar forbruket til om lag 145 husstandar (snitt på 20 000 kWh) og vil bidra med om lag 1 000 000 kroner i årlege inntekter (35 øre pr. kWh) til kraftverket.

Etter ei samla vurdering kring dette, meiner SK at det vil vera økonomisk og samfunnsmessig rett å overfora vatn frå Matbekken. Det kan godt setjast ei øvre grense på overført vatn."

Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse

Storelvi Kraftverk AS har i brev av 31.1.2012 kommet med følgende tilleggsopplysninger etter ønske fra NVE:

" ...

Alternative tekniske løsninger for Storelvi kraftverk.

Med bakgrunn i synfaringa av Storelvi kraftverk, som vart gjennomført den 16. august i 2011, hadde NVE følgjande moment som dei bad Storelvi kraftverk AS om å kommentera:

- NVE ønsker at dere utfører beregninger og vurderinger rundt et tunnelalternativ i prosjektet som vil erstatte dagens rørgate og vei opp dalsiden. Vi ønsker en vurdering av både et alternativ med langhulls boring og et alternativ med konvensjonell sjakt og tunnel. Det er ønskelig fra vår side at dere ser på et påhugg som ligger så langt ned som mulig for å unngå unødvendige inngrep oppover i lia mtp riggområder og lignende. En mulighet kan være like ovenfor den øverste eplehagen, noe som også ble vurdert på befaringen. Alternativet i enden av dagens skogsvei kan ev. vurderes som alt.*
- 2. Den nye løsningen skal beskrives og tegnes inn på kart i målestokk 1:5000, riggområde og deponi av masser skal også fremgå på de nye tegningene.*

SKL Produksjon AS har på bakgrunn av spørsmålet fra NVE vurdert fem alternativ med omsyn til gjennomføring av utbygging av Storelvi kraftverk. I tillegg er også alternativa vurdert med og uten overføring av Matbekken til inntaket i Storelvi.

Når det gjeld langhulls boring, så opplyser t.d. Nordhard at dei ikkje er teknisk i stand til å gjennomføra styrt fullprofil boring med stigning noko særleg over 400 høgdemeter.

Alternativ 1:

Som omsøkt, slik utbygginga er beskriven i konsesjonssøknaden.

Alternativ 2:

Plassering av kraftstasjonen som beskriven i konsesjonssøknaden. Vassvegen består av nedgravne trykkrøyr frå kraftstasjonen og opp til om lag kote 150 (overkant øvste frukthagen), vidare 16 m² tunnel med stigning 1:6 i ei lengd på 720 m med trykkrøyr på fundament, betongpropp og bort sjakt 440 m lang med diameter 0,7 m opp til inntaket i Storelva. Utskotne tunnelmassar vert deponert ved Matbekken nord for tunnelinngangen. Utbygginga kan gjennomførast utan bygging av nye vegar utanom veg frå eksisterande veg fram til kraftstasjonstomta. Det vert nytta helikopter i samband med bygging av inntak.

Alternativ 3:

Plassering av kraftstasjonen som beskriven i konsesjonssøknaden. Vassvegen består av nedgravne trykkrøyr opp til om lag kote 210 (ved enden av skogsveg), vidare fullprofil langhulls boring med diameter 0,7 m i ei lengd på om lag 900 m opp til inntaket i Storelvi. Boreholet må forast med stålrøyr i nedre del i ei lengd på om lag 640 m. Boremassane vert nytta som overdekning på trykkrøyrret under toppdekket av stadeigne massar.

Utbygginga kan gjennomførast utan bygging av nye vegar utanom veg frå eksisterande veg fram til kraftstasjonstomta. Det vert nytta helikopter i samband med bygging av inntak.

Alternativ 4:

Plassering av kraftstasjonen som beskrevet i konsesjonssøknaden. Vassvegen består av nedgravne trykkroyr opp til om lag kote 360, vidare fullprofil langholsboring med diameter 0,7 m i ei lengd på om lag 600 m opp til inntaket i Storelvi. Boreholet må først med stålrøyr i nedre del i ei lengd på om lag 400 m. Boremassane vert nytta som overdekning på trykkroynet under toppdekket av stadeigne massar.

Utbygginga krev forlenging av eksisterande skogsveg frå kote 210 opp gjennom eit granfelt til kote 360, samt veg frå eksisterande veg fram til kraftstasjonstomta. Det vert nytta helikopter i samband med bygging av inntak.

Alternativ 5:

Som alternativ 1, men utan bygging av nye vegar utanom veg til kraftstasjonstomta. All transport av røyr, omfyllingsmassar til trykkroynet, materiell og betong til inntak vert transporter med midlertidig oppsett taubane langs røyrtraseen frå kraftstasjonstomta til inntaket i Storelvi. (t.d. Wyssen taubane: <http://www.waltil-seilbahnen.at/pages/impressionen.php>).

Røyrgrøfta vert etablert ved hjelp av terrenggåande gravemaskin påmontert boreutstyr for fjellboring. (t.d. Menzi Muck: <http://www.youtube.com/watch?v=Avjrpa5lBo0&feature=related>) Løysinga krev 10 – 12 m breidde på røyrгатetraseen.

[...]

Overføring av Matbekken:

For alle fem alternativa skal det nyttast terrenggåande gravemaskin (sjå alt. 5) for nedgraving av overføringsrøyet frå Matbekken til Storelvi. PE100 røyr med fall på heile lengda, vert nytta som overføringsrøyr. For alternativ 1 og 5 vert dette frakta opp til inntaket i Storelvi på hjul eller ved hjelp av taubane, samansveist der og trekt ut i overføringstrassen ved hjelp av gravemaskina som grev overføringsgrøfta. Helikopter vert nytta for transport av røyra ved alternativa 2, 3 og 4. Inntaket vert bygd ved hjelp av helikopter.

Riggområde:

For alle alternativa vil området ved kraftstasjonsplasseringa verta riggområdet. For alternativ 2, 3 og 4 vil det i tillegg verta eit riggområdet for tunneldrifta og boringa i overkant av øvste frukthagen rett sør for tunnelinngangen.

Tekniske data:

Storelvi kraftverk, hovuddata													
TILSIG		Hovudalternativ					alt. 2 eks. overføring					Overføringer	
Nedbørfelt*	km ²	5,3					4,23					1,07	
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	13,7					11,0					2,7	
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	82					83					80	
Middelvassføring	l/s	437					351					86	
Alminnelig lågvassføring	l/s	21					17					4	
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	154					127					27	
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	18					15					3	
Restvassføring**	l/s	224					181					43	
KRAFTVERK													
Inntak	moh.	650					650					840	
Magasinvolum	m ³	-					-						
Avløp	moh.	5					5					650	
Lengde på råka elvestrekning	km	4,7					3,2					1,5	
Brutto fallhøgd	m	645					645						
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m ³	1,50					1,51						
Slukeevne, maks	l/s	880					710					170	
Slukeevne, min	l/s	18					14						
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	154					127					27	
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	18					15					3	
*Totalt nedbørfelt, inkl. overføringer, som nyttast i kraftverket													
**restfeltet sin middelvassføring like oppstraums kraftstasjonen inkl. vassføring forbi inntak.													
Teknisk		Hovudalternativ					alt. 2 eks. overføring					Overføringer	
	Alternativ	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5		
Tilløpsrøyr, diameter	mm	600					600					170 (innvendig)	
Tunnel, tverrsnitt	m ²	-	16	0,38	0,38	-	-	16	0,38	0,38	-	-	
Tilløpsrøyr/tunnel, lengde	km	1,4/0	0,49/1,16	0,63/0,9	0,95/0,61	1,4/0	1,4/0	0,49/1,16	0,63/0,9	0,95/0,61	1,4/0	-	
Overføringsrøyr, lengde	m	700	700	700	700	700	-					700	
Installert effekt, maks	MW	4,67					3,8						
Brukstid	timar	3004					2922						
REGULERINGSMAGASIN													
Magasinvolum	mill. m ³	-					-						
HRV	moh.	-					-						
LRV	moh.	-					-						
Naturhestekrefter	nat..hk	-					-						
PRODUKSJON***													
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	6,22					5,09					1,13	
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	7,92					6,11					1,81	

Produksjon, årleg middel	GWh	14,14					11,20					2,94
ØKONOMI	Alternativ	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
Utbyggingskostnad (2012)	mill. kr	43,9	66,7	51,7	48,2	42,3	37,4	59,4	44,4	40,9	35,8	6,5
Utbyggingspris (2012)	Kr/kWh	3,11	4,75	3,68	3,44	3,02	3,34	5,34	3,99	3,69	3,22	2,21

*** Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt frå

Storelvi kraftverk, Elektriske anlegg			
GENERATOR		Hovudalternativ	alt. 2 eks. overføring
Yting	MVA	5,5	4,5
Spenning	kV	6,6	6,6
TRANSFORMATOR			
